

Eksamen

20.05.2016

KEM2001
Produksjon

Programområde: Klima-, energi- og miljøteknikk, Vg2

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	<ul style="list-style-type: none">• Når du løyser oppgåva må du beskrive dei vala du tar, og du må grunngje.• Kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen viser du ved å:<ul style="list-style-type: none">○ presentere og bruke fagstoff, og grunngje synspunkta dine og forslag til løysing av oppgåva○ trekke inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva○ gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine○ meistre relevante grunnleggande ferdigheiter○ bruke eksempel der det er relevant○ bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein hensiktsmessig og etterrettelig måte
Andre opplysningar	

Oppgåve 1

Vass- og avløpsleidningar på eit våtrom skal utførast som ei vasskadesikker løysing. Gjer greie for ulike måtar ein kan gjere dette på, og vurder fordelar og ulemper med alternativa.

Oppgåve 2

Det er eit krav at spillvassleidningar skal luftast over tak.

Gjer greie for kvifor dette er viktig, og kva som skjer dersom det er mangelfull lufting.

Oppgåve 3

Lag ei teikning som viser utfolding av ein sentrisk overgang frå firkanta til rund kanal. Måla på firkantkanalen er 200×200 mm, og på den runde kanalen er diameteren 125 mm. Høgda på overgangen er 150 mm.

Oppgåve 4

Ein terrasse over eit oppvarma rom skal tekkjast på nytt. Tekkinga som er der frå før, er sinkplater der skøytane er delvis srokne på grunn av temperatursvingingar og andre klimatiske forhold.

- a) Skildre og grunngje val av nytt tekkjemateriale.
- b) Lag ei skisse som viser overgangen mellom terrassen og den tilstøytande veggen (ein vegg med lufta tømmermannskledning).

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<ul style="list-style-type: none">• Når du løser oppgaven må du beskrive de valgene du tar og gi en begrunnelse• Din kompetanse i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å:<ul style="list-style-type: none">○ presentere og bruke fagstoff, og begrunne dine synspunkter og forslag til løsning på oppgaven○ trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger○ gjøre rede for resultatet/ konsekvensene av dine faglige valg○ mestre relevante grunnleggende ferdigheter○ bruke eksempler der det er relevant○ bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte
Andre opplysninger	

Oppgave 1

Vann og avløpsledninger på et våtrom skal utføres som en vannskadesikker løsning. Gjør rede for ulike måter dette kan gjøres på og vurder fordeler og ulemper med alternativene.

Oppgave 2

Det er et krav at spillvannsledninger skal luftes over tak.

Gjør rede for hvorfor dette er viktig, og hva som skjer dersom det er mangelfull lufting.


Oppgave 3

Lag en tegning som viser utfolding av en sentrisk overgang fra firkant til rund kanal. Målene på firkant kanal er 200x200 mm, og på rund kanal er diameter 125 mm. Høyde på overgangen er 150 mm.

Oppgave 4

En terrasse over et oppvarmet rom skal tekkes på nytt. Eksisterende tekking er Zinkplater hvor skjøtene er delvis sprukket på grunn av temperatursvingninger og andre klimatiske forhold.

- a) Beskriv og begrunn valg av nytt tekkemateriale.
- b) Lag en skisse som viser overgangen mellom terrasse og tilstøtende vegg (vegg med luftet tømmermannskledning).



www.vigoiks.no/eksamen